

1 Nei til årleg EU – kontroll for bilar over 10 år

2 EU-kommisjonen har lagt fram forslag til endringar i regelverket for utrangerte køyretøy,
3 der eitt av punkta inneber krav om årleg EU-kontroll for alle person- og varebilar over ti
4 år. Dette er ei endring frå dagens ordning, der kontrollen skjer kvart andre år.

5 Forslaget vil føre til auka kostnader og meir administrativt arbeid for bileigarar som har
6 valt å halde eldre køyretøy i drift. Samstundes vil det skape ytterlegare press på
7 bilverkstadene, som i mange område allereie har utfordringar med kapasitet og ventetid.
8 Ei slik endring kan svekkje insentiva for å ta vare på og vedlikehalde eldre bilar, og i
9 staden fremje ei utvikling der bruk og kast blir normen.

10 Senterungdommen vil:

- 11 • Seie klart nei til EU-kommisjonens forslag om årleg EU-kontroll for person- og varebilar
12 over ti år.
- 13 • Arbeide for at Noreg ikkje innfører dette kravet, sjølv om det skulle bli vedteke i EU.
- 14 • Fremje bilpolitikk som støttar vedlikehald og gjenbruk framfor bruk og kast.
- 15 • Sikre at tekniske kontrollordningar er tilpassa faktiske behov og ikkje påfører bileigarar
16 unødvendige kostnader.

17 *Tilsendt av Trøndelag Senterungdom*